



Viktige datoar

1.juni

Påmeldinga starter.

Føresette melder konfirmanten på, og saman vel de aktivitetsgruppe, konfirmasjonsdato og klokkeslett. Når gruppealternativa vert fulle forsvinn dei frå lista som alternativ vidare, så det er lurt å melde seg på så snart de kan.

Torsdag 6.juni kl 19.30

Informasjonsmøte om konfirmantåret 2024 – 25.

Vel møtt i Storsalen/ Tunet.

Her får du høyre meir om konfirmantopplegget vårt og kva som er viktig ved påmeldinga.

Veke 34

Foreldremøte før oppstart vil bli i veke 34, men det er ulike datoer etter kva aktivitetsgruppe ein har vald. Du får innkalling når vi veit meir om dette.

Samarbeid med heimen

Trygg konfirmanttid

Det er viktig for oss, og trygt for konfirmanten, at de melder frå om særskilde behov frå starten av, enten i påmeldinga eller ved å ta kontakt med oss.

Samarbeid

Vi er avhengige av at de som foreldre stiller opp og bidrar på ulike aktiviteter i konfirmanttida. Vi treng hjelp til desse oppgåvene i løpet av året:

- **Vaksenstøtte på onsdagar i Tunet; kl 18.00 – 21**
- **Vaksenstøtte på onsdager i Nore Neset kyrkje; kl 16 - 19**
- **Foreldre på leir/overnatting**

Dette kan du melde deg på ved påmeldinga. Saman legg vi til rette for ei god konfirmasjonstid, og gode opplevelser!



Kontaktinformasjon

E-post: os.konfirmant@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/os



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd



Ei tid for nye opplevingar!

Kva er egentlig konfirmasjon?

Konfirmasjonstida er ei tid for å tenke nye tankar, få nye opplevingar, og kanskje nye vener!

Konfirmasjonstida er kort, men innhaldsrik og full av kjekke aktiviteter. Vi drar på leir saman, noko som kan bli eit minne for livet.

I konfirmanttida kan du bli betre kjend med deg sjølv, kven Jesus var og er, og kva trua kan bety i livet ditt i dag.

Konfirmasjon er ei påminning om løftet som vart gjeven ved dåpen; at Gud skal vera med deg alle dagar.

I bønna vi ber for deg på konfirmasjonsdagen, ber vi Gud om å velsigne og styrke deg på vegen vidare i livet. Dette er ei utruleg fin og høgtideleg avslutning på året.

Konfirmasjon for alle

Alle er velkommen til konfirmasjonstid i kyrkja, både du som trur, tviler, er usikker, eller berre er nysgjerrig.

Alle menneske er ulike og nokre treng ulike tilpasningar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, er det bare å ta kontakt med oss.

Konfirmasjonsdatoar 2025

Laurdag 3.mai – Nore Neset kyrkje
Søndag 4.mai – Os kyrkje
Laurdag 10.mai – Os kyrkje
Søndag 11.mai – Nore Neset kyrkje

Du kan velge mellom desse klokkesletta;

- 10.15
- 12.00
- 13.45



Konfirmant i Os kyrkjelyd

Konfirmantopplegget

Konfirmantopplegget er knytta til ungdomsarbeidet i Os kyrkjelyd.

Alle konfirmantane har samling ein til to onsdagar i månaden. Tidspunktet er ulikt ut frå kva aktivitetsgruppe du vel. Samlingane inneheld aktivitet, undervisning og fellesskap.

Du finn aktivitetsgruppene ved å skanne QR-koden her.
Eller på: www.kyrkja.no/os



Påmelding

Gå inn på www.kyrkja.no/os og finn informasjon om konfirmantåret og aktivitetsgruppene. Her finn du og lenke til påmelding under fana konfirmant. Ynskjer de særskild tilrettelegging, gje også informasjon om dette ved påmelding.

Leir

Alle konfirmantane får reise på leir. Leirtilbodet er knytta til aktivitetsgruppa di. Det vil sei at når du har valt aktivitetsgruppe, så har du og valt leirdato. Du finn meir informasjon om grupper og leir på nettsida.

Konfirmantavgift

Det kostar 1900,- for å vera konfirmant i Os kyrkjelyd. Det dekkjer bibel, leir, materiell knytta til undervisning, aktivitet og mat,. Familiens økonomi skal ikkje vera eit hinder for konfirmanttida. Ta kontakt om de har behov for støtte eller tilpassing, så finn vi ei løysing saman.